

Møtereferat**Referent:** Ingebjørg Erikstad**Dato**

FØRDE, 17.09.2015

Deltakarar:

Ordførar Hallvard Oppedal, Gulen kommune
 Ordførar Johan Petter Skogseth, Frosta kommune
 Varaordførar Terje Teslo, Eidsvoll kommune
 Fylkesdirektør for kultur Ingebjørg Erikstad, Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Seniorrådgjevar Berit Gjerland, Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Rådgjevar Sigrun Espe, Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Rådgjevar Trond Svandal, Sarpsborg kommune
 Prosjektleiar Torgunn Østbø, Frosta kommune
 Spesialrådgjevar Lars Forseth, Nord-Trøndelag fylkeskommune
 Rådmann Reidun Halland, Gulen kommune
 Ass. rådmann Harald Haugejorden, Gulen kommune
 Kulturkonsulent Ingvild Høydal, Gulen kommune
 Prosjektleiar Espen Selvik, Gulen kommune
 Plankonsulent Frank van den Ring, Gulen kommune

Referat frå møte om etablering av nasjonalt tingstadnettverk i Eivindvik 27.-28.august 2015

Møtet var eit resultat av invitasjon av 15.06.2015 frå Gulen og Frosta kommune og Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag fylkeskommune.

Målet med møtet var å utveksle informasjon og drøfte interessa for å etablere eit nasjonalt tingstadnettverk for dei fire historiske tingstadane Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting. Dei fire regionale tinga er viktige milepelar i utviklinga av den norske rettsstaten som byggjer på det representative folkestyremodellen. Kunnskapen om kvart av det enkelte tinga er ulik, både om kvar tinga heldt til, korleis dei fungerte og utforminga av dei respektive lovene. Lovtekstane er også i ulik grad tilgjengelege; frå Gulatingslova som er fullt ut tilgjengeleg (Ramsauboka i København) til dei tre andre lovtekstane som berre delvis er tilgjengeleg. Alle dei fire regionale lovene har henta og gitt inspirasjon til kvarandre, og var viktige premisser for Magnus Lagabøter si landslov som kom i 1274.

Det har så langt vore ulike satsing på å løfte fram denne tingtradisjonen. Skal vi realisere ideen om eit nasjonalt tingstadnettverk, må vi arbeide saman om administrativ og politisk forankring. Vidare må vi arbeide med kunnskapsinnhenting (kva finst av litteratur, skrifter, m.m.) og kunnskapdeling, dialog med og innspel til aktuelle forskingsmiljø, forvaltning av tingstadane og formidling (m.a. gjennom den kulturelle skulesekken).

Gulatinget har sidan 2008 delteke i eit nordatlantisk tingstadnettverk. Denne kontakten vil bli vedlikehalden. På sikt vil alle dei fire regionale tingstadane i Norge kunne delta i dette internasjonale nettverket.

Etter presentasjon og drøftingar vart det trekt følgjande konklusjonar:

1. Kort referat frå møtet vert sendt deltakarane innan 15.sept.

2. Gulatinget og Frostatinget sender over invitasjon innan 1.november 2015 til Eidsivating og Borgarting om å delta i eit nasjonalt tingstadnettverk. Gulen kommune/Sogn og Fjordane fylkeskommune og Frosta kommune/Nord-Trøndelag fylkeskommune samarbeider om å utforme invitasjonen.
3. Administrativ og politisk behandling i Eidsvoll kommune/Akershus fylkeskommune og Sarpsborg kommune/Østfold fylkeskommune innan 1.april 2016.
4. Dersom det vert gitt positive tilbakemeldingar på invitasjonen om å danne eit nasjonalt tingstadnettverk, er planen å møtast i Sarpsborg i 2016, og kombinere dette med eit fagseminar. Vidare planer kan vere nettverksmøte på Eidsvoll i 2017? (evt både Eidsvoll og Sarpsborg i 2016?), på Frosta i 2018 og i Eivindvik i 2019.
5. Partane i nettverket vil måtte dekkjer egne kostnader med deltaking på nettverksmøter. Evt samarbeidsprosjekt utanom dette, må sikrast særskilt finansiering.

Nasjonalt tingstadnettverksmøte i Gulen

Gulatingsseminaret i 2015 er eit arbeidsseminar der representantar for alle dei historiske fire tingstadene i Noreg kjem saman for å drøfte samarbeid for framtida.

Hotell: Gulating Hotell, 5966 Eivindvik (Eivindvik fjordhotell) Møtestad: Gulasalen, Kommunehuset

Program:

Torsdag 27.august

- 11.45 Enkel lunsj Gulasalen, Kommunehuset
- 12.15 Opning v/ordførar Hallvard Oppedal, Gulen kommune
- 12.25 «Fylkeskommunen sitt arbeid med Tusenårsstaden Gulatinget».
v/Fylkesdirektør for kultur Ingebjørg Erikstad, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 12.45 «Gulen kommune sitt arbeid med Gulatinget» v/rådmann Reidun Halland
- 13.05 «Orientering om Frostatinget» v/ordførar Johan Petter Skogseth, Frosta kommune
- 13.35 – 13.45 Pause
- 13.45 «Orientering om Eidsivatinget» v/Terje Teslo, varaordførar Eidsvoll kommune
- 14.10 «Orientering om Borgartinget» v/rådgjevar Trond Svandal Sarpsborg kommune
- 14.35 «Gulatinget i fortid og notid» v/seniorrådgjevar Berit Gjerland, Kulturavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 15.00 – 15.15 Pause. Forfriskningar
- 15.15 - 16.30 Synfaring Gulatingsparken på Flolid og Krossteigen
- 16.30 – 17.30 Drøfting av felles utfordringar og tankar om samarbeid: Kunnskapsbygging og – deling, forankring og mobilisering, arealforvaltning, formidling, lokale utfordringar, m.m.
- .30 – 19.00 Pause
- 19.00 Kulturoppleving, båt til Skjerjehamn, middag og liten synfaring.

Fredag 28.august

- 09.30 «Korleis få til kunnskapsoppbygging, lokal oppslutning og løyse lokale utfordringar»
v/rådgjevar Sigrun Espe, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Oppsummering av arbeidet med Tingstadnettverket. Vegen vidare? Framdriftsplan og milepælar, m.m.
- 11.30 Lunsj Gulating Hotell
- 12.00 Avreise

KONTAKT-INFO: Espen Selvik tel 40 92 47 00
espen.selvik@gulen.kommune.no
www.gulatinget.no